

Helse Vest RHF
Postboks 303 Forus
4066 STAVANGER

Dykkar ref:

Vår ref:
2019/524 - 3776/2019

Sakshandsamar:
Christer Bakke Frantzen

Dato:
06.12.2019

Høyring - Tiltak for å styrke legemiddelberedskapen - Forslag til endringar i legemiddeloven og apotekloven

Sjukehusapoteka Vest (SAV) viser til høyringsdokument med framlegg til endring i Legemiddel- og Apotekloven og sender med dette våre merknader.

Generelt

Høyringsnotatet omhandlar framlegg til endring på områda

- Etablering av lovheimel for å pålegge apotek og grossist rasjonering av legemiddel.
- Etablering av lovheimel for å kunne legge ned forbod om parallelllesport av legemiddel.
- Elektronisk tilgang for Statens Legemiddelverk til oppdatert lagerstatus for grossist og apotek.

SAV har i 2018 og -19 gitt innspel til Helsedirektoratet sin kartlegging av legemiddelberedskapen og har og gjennomført eit samarbeidsprosjekt med dei andre sjukehusapotekføretaka om legemiddelberedskap. Risiko og tidsbruk knytt til legemiddel mangelsituasjonar er aukande i sjukehusapotek, og SAV stiller seg positiv til at det tas grep for å sikre legemiddelforsyninga. Tiltak i dette høyringsframlegget er einsidig retta mot apotek- og grossistledet. Produsentledet er ein viktig aktør, og er oftast årsak til at mangelsituasjonar oppstår. Vi saknar tiltak innretta mot denne delen av legemiddelforsyningskjeda i høyringsnotatet.

Auka fleksibilitet for retur av legemiddel frå apotek til grossist og for sal mellom apotek utan same apotekkonsesjonær vil kunne betre tilgjenge av legemiddel ved mangelsituasjonar. Vi saknar omtale av dette i høyringsnotatet.

Rasjonering og prioritering av legemiddel i grossist/apotek

SAV er positiv til framlegg om innføring av heimel for rasjonering og prioritering av legemiddel frå grossist/i apotek. Ansvar for fastlegging av prinsipp for prioritering og rasjonering ligge på nasjonalt nivå, til dømes for avgrensa utleveringsmengde. Apotek skal ikkje måtte prioritere mellom pasientgrupper. I forkant av innføring av tiltak som rasjonering og prioritering, er det viktig at det kjem klare føringar for kva rutinar og ansvar som skal gjelde, til dømes for geografisk prioritering og mellom primær- og spesialisthelseteneste.

Parallelllesport

Parallelllesport har over tid vore eit viktig verkemiddel for å utjamne pris og lagerstatus i den europeiske legemiddelmarknaden. I fleire tilfelle har parallellhandel medverka til å avdempe

mangelsituasjonar. Slik situasjonen i Europa har utvikla seg i samband med Brexit, men og med generell auke i mangelsituasjonar, vurderer vi likevel at behovet for ei heimel som kan legge føringar for parallellhandel er nødvendig. Norge er i alle høve ein liten og sårbar marknad som har interesse av god vareflyt på legemiddelområdet, og som vil kunne vere skadelidande om dei store landa innfører tilsvarande restriksjonar. SAV legg såleis til grunn at forbod mot parallellhandel berre vert brukt etter grundig vurdering av risiko og moglegheiter.

Tilgang til lagerstatus

SAV støttar at SLV skal ha tilgang til oppdatert lagerstatus for alle grossistar og apotek. Apotekbransjen har ved ulike høve signalisert vilje til å få på plass ei frivillig ordning for slik rapportering som kan vere enklare, billigare og raskare å gjennomføre. Vi oppmodar departementet til å ha dialog med Apotekforeningen og vurdere kost-nytte for ulike handlingsalternativ..

Vennleg helsing

Christer Bakke Frantzen
Fagdirektør
Sjukehusapoteka Vest HF